

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 191/2021

av 9. juli 2021

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2116 av 16. desember 2020 om fornya godkjenning av L-histidinmonohydrokloridmonohydrat framstilt av *Escherichia coli* ATCC 9637 som tilsetjingsstoff i fôr til laksefisk, om utviding av dette bruksområdet til annan fisk, og om oppheving av forordning (EF) nr. 244/2007⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2117 av 16. desember 2020 om fornya godkjenning av selenmetionin framstilt av *Saccharomyces cerevisiae* CNCM I-3399 med det nye namnet «selenberika gjær *Saccharomyces cerevisiae* CNCM I-3399» som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og om oppheving av forordning (EF) nr. 900/2009⁽²⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2118 av 16. desember 2020 om fornya godkjenning av *Pediococcus pentosaceus* DSM 16244 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og om oppheving av forordning (EU) nr. 514/2010⁽³⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2119 av 16. desember 2020 om fornya godkjenning av eit preparat av sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin som tilsetjingsstoff i fôr til alle svineartar (avvande), slaktekyllingar, livkyllingar, alle mindre utbreidde fugleartar meinte for slakt og alle mindre utbreidde fugleartar som vert fôra opp for eggproduksjon, og om oppheving av forordning (EU) nr. 1117/2010 og (EU) nr. 849/2012 (innehavar av godkjenninga: Vetagro SpA)⁽⁴⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2120 av 16. desember 2020 om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2016/1964 med hensyn til godkjenningen av et preparat av montmorillonitt-illitt som tilsetningsstoff i fôr til alle dyrearter⁽⁵⁾ skal takast inn i EØS-avtala.

(1) TEU L 426 av 17.12.2020, s. 7.

(2) TEU L 426 av 17.12.2020, s. 11.

(3) TEU L 426 av 17.12.2020, s. 15.

(4) TEU L 426 av 17.12.2020, s. 18.

(5) TEU L 426 av 17.12.2020, s. 22.

- 6) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2121 av 16. desember 2020 om godkjenning av eit preparat av 6-fytase framstilt av *Komagataella phaffii* DSM 32854 som tilsetjingsstoff i fôr til alle fjørfeartar, prydfuglar, smågrisar, slaktesvin, purker og mindre utbreidde svineartar meinte for slakt eller avl (inneharar av godkjenninga: Huvepharma EOOD)⁽⁶⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 7) Gjennomføringsforordning (EU) 2020/2116 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 244/2007⁽⁷⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 8) Gjennomføringsforordning (EU) 2020/2117 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 900/2009⁽⁸⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 9) Gjennomføringsforordning (EU) 2020/2118 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 514/2010⁽⁹⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 10) Gjennomføringsforordning (EU) 2020/2119 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 1117/2010⁽¹⁰⁾ og Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 849/2012⁽¹¹⁾, som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 11) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 12) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 177 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2016/1964) vert følgjande lagt til:
”, endret ved:

– **32020 R 2120:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2120 av 16. desember 2020 (EUT L 426 av 17.12.2020, s. 22).”
2. Etter nr. 386 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1800) skal nye nummer lyde:

⁽⁶⁾ TEU L 426 av 17.12.2020, s. 28.

⁽⁷⁾ TEU L 73 av 13.3.2007, s. 6.

⁽⁸⁾ TEU L 256 av 29.9.2009, s. 12.

⁽⁹⁾ TEU L 150 av 16.6.2010, s. 42.

⁽¹⁰⁾ TEU L 317 av 3.12.2010, s. 3.

⁽¹¹⁾ TEU L 253 av 20.9.2012, s. 8.

- ”387. **32020 R 2116**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2116 av 16. desember 2020 om fornya godkjenning av L-histidinmonohydrokloridmonohydrat framstilt av *Escherichia coli* ATCC 9637 som tilsetjingsstoff i fôr til laksefisk, om utviding av dette bruksområdet til annan fisk, og om oppheving av forordning (EF) nr. 244/2007 (EUT L 426 av 17.12.2020, s. 7).
388. **32020 R 2117**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2117 av 16. desember 2020 om fornya godkjenning av selenmetionin framstilt av *Saccharomyces cerevisiae* CNCM I-3399 med det nye namnet «selenberika gjær *Saccharomyces cerevisiae* CNCM I-3399» som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og om oppheving av forordning (EF) nr. 900/2009 (EUT L 426 av 17.12.2020, s. 11).
389. **32020 R 2118**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2118 av 16. desember 2020 om fornya godkjenning av *Pediococcus pentosaceus* DSM 16244 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og om oppheving av forordning (EU) nr. 514/2010 (EUT L 426 av 17.12.2020, s. 15).
390. **32020 R 2119**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2119 av 16. desember 2020 om fornya godkjenning av eit preparat av sitronsyre, sorbinsyre, tymol og vanillin som tilsetjingsstoff i fôr til alle svineartar (avvande), slaktekyllingar, livkyllingar, alle mindre utbreidde fugleartar meinte for slakt og alle mindre utbreidde fugleartar som vert fôra opp for eggproduksjon, og om oppheving av forordning (EU) nr. 1117/2010 og (EU) nr. 849/2012 (innehavar av godkjenninga: Vetagro SpA) (EUT L 426 av 17.12.2020, s. 18).
391. **32020 R 2121**: Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/2121 av 16. desember 2020 om godkjenning av eit preparat av 6-fytase framstilt av *Komagataella phaffii* DSM 32854 som tilsetjingsstoff i fôr til alle fjørfeartar, prydfluglar, smågrisar, slaktesvin, purker og mindre utbreidde svineartar meinte for slakt eller avl (innehavar av godkjenninga: Huvepharma EOOD) (EUT L 426 av 17.12.2020, s. 28).”
3. Teksta i nr. 1zzzo (kommisjonsforordning (EF) nr. 244/2007), 1zzzzl (kommisjonsforordning (EF) nr. 900/2009), 2f (kommisjonsforordning (EU) nr. 514/2010), 2p (kommisjonsforordning (EU) nr. 1117/2010) og 65 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 849/2012) opphevast.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2020/2116, (EU) 2020/2117, (EU) 2020/2118, (EU) 2020/2119, (EU) 2020/2120 og (EU) 2020/2121 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 10. juli 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfærd i Brussel 9. juli 2021.

For EØS-komiteen

Rolf Einar Fife

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.